



Vivian og Tinnapob har gjort ein grundig jobb men endel står att

Spesialfirmaet Meusburger fullfører i dag den innvendige målinga av kyrkja og dermed har 100-åringen fått den oppussing som er Gudshuset verdig. Samme firma måla kyrkja utvendig. Men Vivian Korsund som har hatt jobben saman med Tinnapob Meesuai seier til uskedalen.no at endel som er prega av tidas tann står att. .



No er 100-åringen fin både ute----

I denne omgangen har
dei konsentrert seg om benkar, vindauge og dører.
Byggeriet har sponsa målinga innvendig medan
Fellesrådet dekkjer utgiftene til sjølve jobben



-----og inne!

Meusburger som held til i Odda er kjent for sin høge kompetanse på jobbar knytt til kyrkjer, musear og andre hus som har merkelappen artikvariske. Til dømes har dei hatt fleire store jobbar i Bergen - på Gamlehaugen og Naturhistorisk museum. Firmaet har meir enn nok å gjera, konstaterar dei to som har hatt den siste jobben i Uskedalen.

Uskedaljobben no har dei gjennomført i to økter, den første i veka som gjekk og innspurten måndag og i dag og det er ingen tvil om at denne oppussinga var på høg tid. No skin det mellom benkeradane!

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen